

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lindås

Emne: Brynet

Bygdelag: Myking Sogn

Oppskr. av: Karl Øvreteit

Gard:

(adresse): Tveitegrend

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Brynet~~et~~ (eit) er det vanlege namnet her. Truleg har også Kvotstein vore brukt. I bryna eller å kvessa vert det sagt. Hein (ein) brukar ein beve om eit finare slag bryne, som ein kvesses raketknivar og såmd fint verektoy med.

2. No brukar dei mest bryne av kunststein (smergelbryne), men bryne av naturstein er også i bruk. Her er ingen tradisjon om at folk fann bryne hjå seg sjøl eller sin amman stad i bygdane her. Dei kjøpte seg helst bryne hjå Kjellarhandlarane i Bergen.

3. Både ljår og kniv og andre bitjarn kvessa dei fyrst på slipestein; men det legg seg alltid ein liten jare (ei ro) på eine sida av eggje etter slipestein, sers på ljår og tunne eggjer, og den tek ein vekk med bryne.

Raketknivar kvessa ein ikkje på slipestein. Både bryne og slipestein

2
var for grovt til so fin egg. Då brukka ein berre hein.

4. For slipingi kom var det vanleg skikke her i bygdaane å laga tynskeljar eller dragstle-ljar, som dei og vart kalla. I den tidi var kvar husbond - so å seia - smed på sin gart i eigi smidja. Men det var ikkje alle som var like dugande ljarsmeiar. Det gaa endå ord om sume som var sers dugande. På sume gardar heldt smii-tradisjonen seg lengre enn andre stader, og nokre få stader kan smidja endå stå att. Endå lever det folk som kan minnast at bestefar deira tynsla ljar, men slipingi var alt då tatt til sume stader. Ein kan vel rekna rundt om hundre år sia dei tok til å slipa ljarne, men tynskeljarne heldt seg vel ein hunde-daude etter den tidi. Sigdane vart ogso tynsla. Om framgangsmaaten er det lite å få veta. Eg har heller ikkje høyrte om dei hadde sers dragstle utanom den vanlege ambolten.

5. Ein større stein som låg fast, og som ein brynte eller slipte på, kjemmer me ikkje til. Men det kunne henda at ein kvaste bodkniivar og andre tynne bitarn (ikkje fint verkty) på omnskanten eller grøvesteinen. Ein drog då bitarnet over steinen med bakken føre og eggje etter. Ein hadde stundom ein mindre

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

stein (heim) som ein skrūdde fast i hōvlebensken, og som ein lerynte fint verkty på. Den steinen kalla dei gjerne serma (ei). (Namnet serma er elles brukt på auma ~~verkty~~ reidskap og : ei stong med klyft på enden, og som dei letta korn band oppå skūtken med.)

Var utslåttene langt undan, hadde ein gjerne ein nedsliten stein ståande der. Ein slik liten oppsliten slipestein var lett å ta med seg ut i slåttene. Elles brukte ein gjerne å slipa opp ein tjuge hjør, som ein bar med seg i ei kipa til utslåtte teigen, sers når teigen var so langt undan at dei ikkje etla seg heimatt om kvelden.


6. På heimeböen brukte dei å slipa hjørne etter kvar ykt (ein tre gonger for dagen).

7. No vert det bruka smergelbryne utanom det vanlege steinbryne. Trebryne i nokso form har me ikkje høyrst gjete her.

8. Hjær er fest til orvet med ei flect tåg. Ein tek ikkje hjær av om ein sliper.

9. Når ein bryner stuttorven, set ein enden av orvet mellom knørne, heldt i hjær på orvsida med vinstre handi og bryner med høgre, slik at ein drag brynet over og under eggji til hjær er kvass. Ein gjer sauleis med langorven, berre at ein då set nedste enden av orvet ned i jordi.

10. Bidnet som ein hadde kvotvatu og bryne i vart kalla slonka. Ho var helst laga av tre, anten bord or heil ved eller stemd ut, so det var tre heile sidor. Til den fjorde sida laga dei eit lok som dei nagla på. Det på slonka var det gjerne eit tuint jarnbrand rundt med ein krok i.



11. Me kjemmer ikkje til at slonka var laga av horn. Ein hendig smed kunne kanskje laga seg slonka av sinte eller tuint jarn.

12. Slonka var ferd etter Kroken i beiksa bak.

13. Ein brukar vater på alle bryne og på slipestein. På hein brukar ein gjerne feitolja.

14. Mjålet som kjem av bryning og sliping kallar ein brynekvota og slipesteinskvota.

15. Det seiest at slipesteinskvota skal vera godt middel mot ormebit (kaggorm) og vorter. Ein legg kvota i ein duk og bind det om såret.

16. Andre ting har me ikkje høyrte at kvota vert nytta mot.

17. Det er vanleg meinig her at er eit bryne for hardt, so vert det mjukkare av å liggja i jordi. Om det har vore brukt å gjera det so er ikkje kjent.

18.19.20. Forteljingar om visor og steu i samband med bryning eller bryne som taler har eg ikkje høyrte gjete.